

MØTEREFERAT

FRA STYREMØTE I REGIONRÅDET VEST

22. MARS 2010, KL 09.00 – 12.00

ASKØY RÅDHUS.

TIL STADES:

Ordfører Albriggt Sangolt
Ordfører Knut Hanselmann
Ordfører Olav Martin Vik
Ordfører Lars Lie
Rådmann Gerhard Inge Storebø
Rådmann Steinar Nesse
Rådmann Odd Magne utkilen
Rådmann Torgeir Sæter

Styreleiar Olav Martin Vik leia møtet.

SAK 11/10 INNKALLING/SAKSLISTE

Vedtak: Innkalling/saksliste godkjend.

SAK 12/10 OPPSUMMERING ETTER LANSERING AV REGION VEST

Region Vest vil styrke marknadsføring og ekstern kontakt når Regionrådet Bergensregionen formelt vert lagt ned i april i år.

Region Vest og den enkelte kommune kan nytte Vagleik Brekke, Fjell kommune, til informasjonsarbeid. Han vert oppmoda om å delta på styremøta i Region Vest med tanke på oppfølging informasjon og mediakontakt.

SAK 13/10 ORGANISERING AV ARBEIDET I REGION VEST

Sekreteriatet vert bedt om å undersøke grunnlag for å søkje økonomisk støtte frå Hordaland Fylkeskommune og Fylkesmannen. Fylkesmannen gir av erfaring til prosjekt og ikkje drift av regionråd, men dette skal avklarast.

Arealdisponering i regionen skal arbeidast med, med hovudfokus på næringsutvikling. Koordinerast med Business Region Bergen sitt arbeid på dette feltet. Vidare vil næringsutvikling og marknadsføring av regionen vere viktige områder. Gode Sirklar, næringsjefen i Askøy og informasjonsrådgjevar i Fjell kan nyttast i arbeidet.

Hordaland Fylkeskommune skal inviterast til Region Vest for å etablere god dialog og samhandling, mellom anna knytt til plansaker og konsekvensen dei kan få for regionen.

Kontakt inn mot Fylkesmannen vert utsett til Lars Sponheim har fått områ seg litt.

Utvikling og samarbeid om kommunale tenester skal konkretiserast i enkeltsaker til styret for handsaming og avgjerd.

SAK 14/10 HEIMESIDE

Region Vest skal snarast få på plass ei relativ enkel heimeside, som seinare kan utviklast.

SAK 15/10 ØKONOMI

Utgifter/inntekter posterast i sekretærkommunen, og fordelast etter fordelingsnøkkel.

SAK 16/10 MØTEPLAN, MØTEINNKALLINGAR

Måndagar vert møtedagar, halve dagar enten før lunsj eller etter lunsj. Det vert lagt opp til 3 – 4 møter i resten av 2010.

SAK 17/10 EVALUERING GODE SIRKLAR

Viser til rapport frå Agderforskning, der Gode Sirklar får god evaluering, samtidig som det er forbettringspotensiale på nokre område. Noverande eigarkommunar Fjell, Sund og Øygarden gjennomfører handsaming av rapporten. Fjell vil utforme felles sak, som den enkelte kommune kan nytte som grunnlag. Siktemålet er ferdig kommunestyrehandsaming før sommarferien.

Etter ferdig evaluering vert Askøy invitert til å søkje om eigarskap til Gode Sirklar.

SAK 18/10 FORHOLDET TIL VEST NÆRINGSRÅD OG ASKØY NÆRINGSLIVSFORENING

Region Vest vil forholde seg til begge aktørane på ein likeverdig måte.

SAK 19/10 STATUS OG FRAMDRIFT I SAKER SOM ER PÅ GANG

Det vart ein kort orientering om relevante saker/ oppdrag der særleg desse sakene vart tatt opp:

- Prosjekt ”Felles ansvar” med fokus på kriminalførebyggjande innsats, skal tilrå tiltak som vil inngå som del av ei heilskapeleg satsing i regionen innan førebyggjande arbeid.
- Det vert ein felles SLT-koordinator i regionen, rådmennene gjennomfører rekruttering og avklarar innhald i stillinga.
- Helse - palliativ avdeling Askøy er i god prosess. Askøy vil ha 9 ledige sjukeheimsplasser frå 01.01.2011 der andre kommunar kan kjøpe plass.

SAK 20/10 EVENTUELT

- Parkering/bussterminal vest for Kolltveittunellen. Knutepunktet Kolltveit AS oppmodar Region Vest til å gi uttale på søknad om konsesjon for persontrafikk mellom Kolltveit og Bussterminalen i Bergen. Styret i Region Vest viser til dialogen selskapet har med Fjell kommune, og Region Vest vil derfor ikkje gi uttale i saka.
- Sotrasambandet – drøfting om innspel i høve Bergen kommune si handsaming av tunnel til Liavatnet på fastlandsida. Region Vest vil følgje opp saka vidare, i samarbeid med Fjell kommune.
- Ubåtheving ved Fedje – Region Vest vil avvente, og ta denne saka opp i neste styremøte.
- Møte mellom Business Region Bergen og formannskapa/ sentrale politikarar/ nøkkelpersonar i kommunane – aktuell dato er fredag 28. mai kl 09.00 – 12.00 på Straume.

Torgeir Sæter
(sign)